



Praksiskoordinator i Nord-Gudbrandsdal

Stillingstittel: Praksiskoordinator

Tilsetningsform: Prosjektstilling (2024-2027)

Tilsetningsdato: Snarast

Om stillinga:

Vi lyser ut ei 100% prosjektstilling som praksiskoordinator for kommunane i Nord-Gudbrandsdal. Prosjektet, som er eit samarbeid mellom kommunane, har som mål å etablere eit heilskapleg kvalitetsarbeid rundt praksisplassar, utvikle strukturerte praksismodellar og gjere kommunane til ein attraktiv arena for praksisstudentar. Tilsetningsforhaldet ligg til Interkommunalt politisk råd i Nord-Gudbrandsdal.

Arbeidsstad: Skansen 7, 2670 Otta

Arbeidsoppgåver:

- Koordinere praksisplassar gjennom samarbeid med utdanningsinstitusjonar og kommunal leiing
- Utvikle og iverksette strategiar for å tiltrekke og behalde studentar
- Utvikle gode strukturelle praksismodellar tilpassa behova i dei ulike kommunane
- Administrere og planlegge logistikk for praksisavvikling
- Vedlikehalde ei oversikt over praksisressursar og kapasitetar
- Samarbeide med praksisveiledarar og kommunane sine HR-avdelingar for fagutvikling og kvalitetssikring
- Fungere som bindeledd mellom utdanningsinstitusjonar, kommunar og studentar
- Følgje opp samarbeidsavtalar mellom partane

Kvalifikasjonar:

- Bachelorgrad innan helse (annan relevant utdanning kan bli vurdert)
- Erfaring frå koordinerande eller leiande rollar, spesielt innan helse- eller utdanningssektoren, er ønskjeleg
- Evne til systematisk arbeid og prosjektleiing
- Sterke kommunikasjons- og samarbeidsevner
- Førarkort klasse B

Personlege eigenskapar:

- Initiativrik og sjølvstendig, med god evne til å planlegge og organisere
- Strukturert og analytisk tilnærming til arbeid
- Sterke mellommenneskelege ferdigheiter
- Fleksibel og tilpassingsdyktig
- Løysingsorientert
- Personleg eignaheit vil bli sterkt vektlagt

Vi tilbyr:

- Ei spennande stilling med heile Nord-Gudbrandsdal som nedslagsfelt
- Moglegheit til å drive nybrottsarbeid i samarbeid med kommunar, utdanningsinstitusjonar og studentar
- Gode forsikrings- og pensjonsvilkår
- Løn etter avtale

Anna:

Tilsetting vil skje på dei vilkår og med dei plikter som følgjer av gjeldande lovverk, reglement og tariffavtalar. Vi gjer merksam på at søkjarlistene kan bli offentleggjorde, sjølv om du ber om anonymitet, jf. Off.lova §25, andre ledd. Du vil i så fall bli varsla på førehand.

Søknadsfrist: Send søknaden til e-post@regionkontoret.no innan **01.09.24**

Spørsmål om stillinga:

Kristin Haave
Konstituert dagleg leiar
Telefon: 48197032
E-post: kristin.haave@regionkontoret.no

Hilde Engvik Lusæter
Helse- og omsorgssjef, Dovre kommune
Mobil: 41537285
E-post: hilde.engvik.lusetter@dovre.kommune.no

Ivar Vistekleiven
Dagleg leiar, Karriere Innlandet Gudbrandsdal
Mobil: 90032535
E-post: ivavis@innlandetfylke.no